



Aune Hallstein Solheim  
Bjørgebrekken 94  
5141 FYLLINGSDALEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/3033 - 19/33081

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
13.11.2019

## Avslag på søknad om unntak frå forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar - gbnr 108/281 Lindås

**Administrativt vedtak. Saknr: 646/19**

**Søknadstype:** Søknad om unntak frå Forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar §12, jf. §4

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Det er søkt om unntak frå forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar § 4 då det ifølgje tiltakshavar ligg føre «særlige grunnar» for å gje unntak, sjå forskrifta § 12.

#### § 12. Unntak

Kommunen kan i enkelttilfeller gjøre unntak fra forbudet i § 4 dersom særlige grunner foreligger.

Forskriftens §4 om forbod mot å bruke mineralolje til oppvarming av bygningar trer i kraft 01.01.2020, sjå [her](#). Miljødirektoratet og Norges vassdrag- og energidirektorat (NVE) har gjeve ut rettleiing til forskrifta, sjå [her](#).

Føremålet med forbudet er å redusere utslepp av klimagassar frå oppvarming av bygningar. Forskrifta skal bidra til at fyring med mineralolje (fossil olje) til oppvarming av bygningar vert erstatta med annan energi. Forskrifta regulerer ikkje kva mineralolje skal erstattast med. Det er lagt til grunn at dei fleste vil erstatte oljefyring med fornybar energi. Fornybar energi kan vere fjernvarme, varmepumpe, elektrisitet eller bioenergi.

Unntaksbestemmelsen i §12 er grunngeven med at det kan oppstå uforutsette situasjonar som gjer det naudsynt med sikkerheitsventil slik at det kan gjerast unntak frå forbudet i enkelttilfelle. Det er kommunen som etter søknad avgjer når det ligg føre særlege grunnar i eit enkelttilfelle. Unntaksbestemmelsen er ein «kan» bestemmelse og kommunen har ingen plikt å gje unntak. Det vert ei konkret og skjønsmessig



heilskapleg vurdering for den enkelte bygning. Kommunen si avgjerd er eit enkeltvedtak som kan påklagast. Fylkesmannen er klageinstans, sjå forskrifta § 13.

#### **VURDERING:**

I forskrifta § 12 kan det gjerast unntak frå forbodet dersom «særlege grunnar» ligg føre.

Forskrifta definerer ikkje sjølv kva som utgjer «særlege grunnar». Rettleiaren til forskrifta viser til at det kan dreie seg om situasjonar, der forbodet får utilsikta konsekvensar, medfører uforholdsmessige høge kostnader og/eller viser seg å vere teknisk umulig eller svært utfordrande å overhalde. Kommunen bør sjå hen til bygget sin funksjon. Det følgjer av rettleiinga til forskrifta § 12 at unntaksheimelen skal nyttast med varsemd. Kommunen legg til grunn ein streng vurdering av vilkåret «særlege grunnar» for den enkelte bygning.

Dersom det skal gis unntak for kostnader, må det vere uforholdsmessige høge investeringskostnader og/eller driftskostnader. Terskelen for om kostnader kan reknast som uforholdsmessige er svært høg. Moment i vurderinga kan vere anlegget sin storleik, anlegget si forventa levetid og tilgang på alternative energikjelder. Det skal svært mykje til for at høge kostnader aleine kan grunngje unntak etter § 12. Byggeigars økonomiske evne bør ikkje vektleggast i vurderinga. Det forskrifta si føremål å sikre likehandsaming for like saker.

Det er opplyst at bygget sin funksjon er einebustad og nyttast til bustadføremål. Bygget har to varmekjelder i dag. Dette er sentralvarmeanlegget og varmpumpe til stove/kjøkken. Mineralolje vert nytta til sentralvarmeanlegg for heimelshavar. Varmepumpe vert nytta i stove/kjøkken i 1. etasje. Ny varmekjelde for bustaden i 2 etasjar må monterast dersom sentralvarmeanlegget ikkje kan nyttast. I følgje søkjar, vert kostnadane for anskaffelse, installasjon og drift av nye varmekjelder uforholdsmessig høge.

Kommunen legg til grunn at det er søkt unntak på bakgrunn av uforholdsmessige høge kostandar relatert til både investeringskostnader og driftskostnader. Spørsmålet i vurderinga er om bustaden får uforholdsmessige høge investeringskostnader og/eller driftskostnader ved å nytte alternative energikjelder i staden for mineralolje til oppvarming.

Då bustaden allereie har varmpumpe i 1.etasje, legg kommunen til grunn at bygget egna til å montere ei ekstra varmpumpe med innerdel i 2. etasje. Generelt sett har varmpumper ein levetid på 10-15 år. Investeringskostnad strekker seg frå kr 10-15.000 med service til frå kr 2000,- pr. andre år. Eventuelt kan eksisterande varmpumpe bytast ut med ny varmpumpe med ein ytterdel og to innerdelar. Ein innerdel kan plasserast i 1. etasje og ein innerdel kan plasserast i 2. etasje. Andre alternativ kan vere flyttbar oljeomn eller fastmontert panelomn som nyttar strøm. Investeringskostnad vert frå kr 2000,- og levetid kan vere fleire år. Det er inga særskilte driftskostnader med flyttbar oljeomn og fastmontert panelomn. Generelt sett nyttar einebustadar med varmpumpe elektrisk oppvarming i tillegg.

Kommunen legg til grunn at varmpumpe og elektrisk oppvarming kan vere alternativ oppvarming til einebustaden.

Bustaden er på skråfoto 2012 vist med skorstein.

Ortofoto 2012



Då bustaden har montert skortstein, legg kommunen til grunn at bustaden har moglegheit til å fyre med ved. Sjølv om vedfyring gir utslepp av klimagassar, så er det ikkje gjeve forbod mot denne typen fossil energibruk slik det er gjeve forbod mot fyring av mineralolje.

Kommunen legg til grunn at fyring med ved kan vere alternativ oppvarming til einebustaden i tillegg til varmepumpe og elektrisk oppvarming.

På denne bakgrunn kan alternativ oppvarming til einebustaden vere ny varmepumpe med innerdel i 2. etasje eller skifte ut eksisterande varmepumpe med to innerdelar og elektrisk oppvarming med oljeomn/panelomn samt fyring med ved. Oppvarming av einebustaden med alternative energikjelder til mineralolje, vil ikkje i art, type eller kostnad avvike frå andre einebustader sine oppvarmingskjelder.

Det er ikkje ein uforholdsmessig kostnad å investere ein ytterligere varmepumpe eller skifte ut noverande varmepumpe med to innerdelar. Ny varmepumpe vil ha ein levetid på fleire år og kan også auke bustaden sin verdi. Strømutgiftene vert ikkje uforholdsmessig høge då varmepumpe i seg sjølv er energisparande og bustadar generelt nyttar elektrisk oppvarming i tillegg til varmepumpe. Dessutan er det mogleg å søkje offentleg støtte på nærare vilkår på Enovas sine nettsider.

Driftskostanden til mineralolje vert utjamna av kostanden til drift og vedlikehald av alternative oppvarmingskjelder.

Det forskrifta si føremål å sikre likehandsaming for like saker. Presedensverknaden vert monaleg dersom ein gjev einebustaden med moglegheit for vanlege oppvarmingskjelder unntak frå forskrifta. Dette vil undergrave forskrifta si føremål som er å redusere forureining av klimagassar. Det er mange andre liknade einebustadar i same situasjon som vil ha krav på lik handsaming.

På denne bakgrunn legg kommunen til grunn at investeringskostandar og driftskostnadar til alternative energikjeldene ikkje er større enn det som kan forventast for oppvarming av ein einebustad i dag.

Det ligg ikkje føre uforholdsmessig høge investeringskostnadar og/eller driftskostnadar ved å nytte alternative energikjelde i staden for mineralolje til oppvarming.

**VEDTAK:**

Med heimel i Forskrift om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar vert det ikkje gjeve unntak frå § 12, jf. § 4, for å nytte mineralolje til sentralvarmeanlegg i bustaden på eigedom – gbnr 108/281.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved klage, så skal det leggest ved fullmakt frå heimelshavar til kontaktperson.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/3033

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Aune Hallstein Solheim

Bjørgebrekken 94 5141

FYLLINGSDALEN

**Mottakarar:**

Aune Hallstein Solheim  
Kirsten Solheim

Bjørgebrekken 94 5141  
Grønfjellet 4 5955

FYLLINGSDALEN  
LINDÅS